

Bokmelding

Daniel Hveding Pedersen Haar Hægstad var født i 1864 i Vestbygda i Lødingen i Nordland. Årstalet 1865 har tidlegare vore oppgjeve fleire stader, men det rette er altså 1864. Både foreldra hans var av ei nordnorsk grein av Haar- eller Harr-slekta. Blant forgjengarane hans var lofotpresten Aron Arctander på 1700-talet. Far hans spelte fele, og Daniel lærte musikken frå han på 1870- 1880-talet. Men han skreiv det ikkje ned på noter før han var pensjonist.

Etter kvart vart han seminarist (1885) og første lærarjobben var i Øksfjord i Finnmark. I 1889 vart han gift med Hansine Jonette Taraldsen f. 1868. Som skikken var i dei dagar vara brylluppet frå torsdag til mandag. Vi veit ikkje kven som spelte i brylluppet, eller **kva** dei spelte, dette har han ikkje skrive om. I 1900 kjem han attende til heimbygda som lærar og kyrkjesongar i Malnes - Bø. Han ville ikkje dra dit. Det var det med profet i eige land... Ein post han søkte og ikkje fekk var som kyrkjesongar i Brønnøy på Helgeland. Dei hadde etter kvart fire born født mellom 1890 og 1899, ei jente av dei var fosterdotter. Han døydde i 1950, 86 år gammal.

Folkemusikken og tradisjonsbærarar i Lødingen

Daniel Hægstad har i alt skrive ned 115 melodiar og nokre songar frå Lødingen. Han har i tillegg truleg laga slåttar sjølv. I dei 19 manuskripta som er etter han er det mykje variasjon. Elles har han lite med informasjon om tradisjonane, både felemusikken og vokalmusikken. Heller ikkje om instrument og bygging av feler. Ola Graff har bearbeidd manuskripta hans til bokutgjevinga.

Alle slåttane er for **vanleg** fele. Repertoaret er polsdans og halling, runddans og turdans. **Felestillet** står vanlegvis ikkje. I 20 slåttar er det notert **tostemmig** spel. Det kan ha vore mykje meir av dette enn det som er skrive på notene. Han nemner ikkje dette med "**sekundering**" som var vanleg i Nordland, truleg har dette og vore nytta blant spelemenn der.

Slåttane går mest i **dur - tonalitet**. Om vi samanliknar med til dømes Bardu og Målselv i Troms er det meir mollslåttar i Målselv, og B-dur finst omtrent ikkje der og i Bardu.

Triolar har forekomme, likeeins **posisjonsspeling**. Såleis var spelemennene ikkje berre dårlege speleteknisk. Kor **fort** spelte dei? Det skriv han og minimalt om - berre eit par stader at det ikkje skal vere "for langsamt". Det er lite med **namn** på slåttane, men nokre finst. Han har mellom anna ein versjon av "Havella", ein slått Susanne Lundeng har spelt veldig fint.

På 1800-talet var det ifølgje Hægstad mange gode spelemenn i Lødingen – dette var før posetivet og trekkspilet kom... Vi får vite om ein del tradisjonsbærarar, men sidan Hægstad sjølv var såpass spar med opplysningar både om det ein og det andre kan ting vere bortkomne, det er tenkjeleg. Kven var til dømes spelemennene "*Spelmannsjo*" og "*E. A.*"? Graff har gått til kyrkjebøker og folketelningar og sannsynlegvis funne ut kven dette kan ha vore. Alle som har litt røynsle med slikt arbeid veit at det ikkje alltid går fort unna.

Boka om Daniel Hægstad

Ola Graff skriv godt og formidlande med eit folkeleg språk. For meg som kjem frå "sørfylket" i Nordland, og er heilt ukjent med denne tradisjonen blir det såleis lettfatteleg å setje meg inn i han. Dette er den største samlinga med eldre tradisjonsmusikk frå Nord-Norge som har komme ut. Graff har arbeidd med boka hektisk over fleire år, og her er mykje interessant lesing om alt frå skulegang og studentlivet til korleis det gjekk føre seg i bryllupp. Og den gamle fela hans er det med eit flott bilete av på side 176! Ho er enno spelbar.

Musikkvitskapelege omgrep og arbeidsmåte er nytta slik at ein som les ikkje må vere veldig inne i dette. Graff skriv om livet til Hægstad frå vogga til grava – det er ikkje ei rein "notebok". Format og storleik er passeleg med god plass og skriftvariering, og blir då veldig lesbar. Boka er og fint illustrert. Song - og musikknotene er tydelege og godt

lesbare, med stor skrifttype. Originalmanuskripta hadde vorte meir kronglete å gje seg i kast med.

477 sider blir ikkje uoverkommeleg når ei bok er så variert og systematisk som her. Og vi klarar å ta ho ut av bokhylla berre med ei hand. Graff og forlaget har valt eit praktisk og hendig format på boka.

Ola Graff må få ein takk og gratulasjon for dette store arbeidet!! Det ligg kolossal innsats bak eit slikt prosjekt.

Ståle Paulsen

Helgeland Museum avd. Rana

Mo i Rana

BOKANMELDING i *Musikk og Tradisjon nr. 25, 2011*:

Flere av slåttene fra Daniel Hægstad sine samlinger har lenge vært i bruk i det nordnorske folkemusikk- og folkedansmiljøet. Tradisjonen og historien bak disse slåttene har imidlertid vært lite kjent. Med denne boka på nær 500 sider blir musikken satt inn i en tradisjonsramme få i dag ville trodd var mulig.

Daniel Hægstad (1864-1950) skrev som pensjonist ned i alt 115 melodier fra Lødingen, inkludert noen få sanger. De ble notert flere ganger i små og stor handskrevne samlinger som han ga både til offentlige institusjoner og interesserte privatpersoner. Ola Graff har gjennom flere år sporet opp disse manuskriptene. Det er således et bredt kildemateriale som er samlet. I starten av boka finner vi en grundig gjennomgang og systematisering av de kildene som i dag er kjent.

Selv slåttematerialet er rimelig nok tidstypisk for midten og siste halvdel av 1800-tallet.

Selv lærte Hægstad slåttene i 1870-1880-årene, mange av sin far, Peder Andreas Danielsen (1819-1889).

Slåttene og sangene har alle fylldige merknader systematisert under overskriftene: *Kilde, Tradisjon, Variasjoner* og *Annet*. Sammen med kapittelet "Folkelige musikktradisjoner i Lødingen" er nedtegningene en formidabel skattekasse, både for brukere av musikken i dag og for senere folkemusikkforskere. Ola Graff har lagt ned et stort arbeid i å spore opp kildene, miljøet og spelemennene bak slåttene. Her finner vi i tillegg en rekke analyser og omtaler av musikken, samt litt om spillemåte, samspill og rent spilletekniske aspekter. Slåttene blir videre satt inn i en fylldig kulturhistorisk kontekst. ...

Boka er skrevet i et kalrt og enkelt språk uten mange faguttrykk. Det gjør at den er like anvendelig for folkemusikkmiljøet som for mer akademiske kretser. Bak i boka finner vi fylldige litteraturhenvisninger, men både person- og stikkordregister mangler. For oss som gjerne bruker denne typen bøker som opslagsverk, er det et klart savn.

Jeg gratulerer både folkemusikkmiljøet i Nord-Norge, Ola Graff samt små og store bidragsytere med et solid verk innenfor den nordnorske kystkulturen.

Dag Vårdal